# Agder Sekretariat

**Sekretariat for kontrollutvalg i Agder**

Postboks 120
4491 Kvinesdal
Bankkonto:
3080 32 25660
Organisasjonsnr.:
988 798 185


## VALLE KOMMUNE - KONTROLLUTVALET

| **Medlemmer:** | **Varamedlemmer(for Ap)** |
|---|---|
| **Knut H. Nomeland, Sp, leiar** | Tora Homme Uppstad |
| **Kent M. Lund ,H , nestleiar** | Hallvard K. Rysstad |
| **Kjell Ove Tveiten, Ap** | Solveig Rysstad |
| **Gyro K. Uppstad, Ap** | **Varamedlem (H)** |
| **Anne Elisabeth Gilbert Akselsen, V** | Edvin Brottveit |
| | **Varamedlemmer (for Sp/V)** |
| | Steinar H. Homme |
| | Knut J. Homme |

## INNKALLING TIL MØTE I KONTROLLUTVALET

**Tid: Tysdag 26. januar 2016 kl. 13.00**

**Stad: Rådhuset, formannskapssalen**

**Saksliste:**
**SAK 01/16 ÅRSMELDING FOR 2015**
**SAK 02/16 UTBETALINGER I STRID MED KOMMUNALT REGELVERK**
**SAK 03/16 HABILITET – KOMMUNESTYRESAK 65/15**

**Referatsaker:**
**R 01/16 Uavhengighetserklæringar revisjonen**

**Fast post: Revisor orienterer**

**Eventuelt**

**Valle, den 18. januar 2016**

**Knut H. Nomeland** — **Kjell Ivar Hommen**
**Leiar** — **Utvalssekretær**

**Innkalling/saksliste send elektronisk til medlemmer, ordførar, rådmann og revisor**
**Kopi elektronisk til: Gunn Margith Homme og Setesdølen**

**Varamedlem(er) møter berre etter særskild innkalling**

**Eventuelle forfall meldast til Kjell Ivar Hommen, tlf. 975 10298.**

**Agder Sekretariat**

**Kontrollutvalet i Valle kommune**

**Sak 01/16**
**Møtedato: 26.01.2016**
**Sakshandsamar: kih**

## SAK 01/16 KONTROLLUTVALET SI ÅRSMELDING FOR 2015

**Vedlegg:**

- **Framlegg til årsmelding for 2015**

Sekretær har utarbeida framlegg til årsmelding for Valle kontrollutval 2015.

**Framlegg til vedtak:**

Årsmeldinga for 2015 vert vedteken.

Valle kommune

# Kontrollutvalet si årsmelding 2015

Agder Sekretariat

# KONTROLLUTVALET SITT ANSVAR

Kommunestyret har etter Kommunelova §76 det øvste ansvaret for kontroll og tilsyn i kommunen. Kontrollutvalet skal etter Kommunelova § 77 stå føre det jamlege tilsynet med den kommunale forvaltninga på kommunestyret sine vegne. Kontrollutvalet rapporterer om si verksemd til kommunestyret.

## Kontrollutvalet si samansetjing

Valle kontrollutval skal etter gjeldande reglementet ha fem medlemmer.

For perioden 2011-2015 var desse vald:

| | |
|---|---|
| Leiar: | Åse Ingebjørg Flateland |
| Nestleiar: | Margit Dale |
| Medlem: | Saavi Nomeland |
| Medlem: | Kent M. Lund |
| Medlem: | Knut H. Nomeland |

For perioden 2016-2019 er desse vald:

| | |
|---|---|
| Leiar: | Knut H. Nomeland |
| Nestleiar: | Kent M. Lund |
| Medlem: | Kjell Ove Tveiten |
| Medlem: | Gyro K. Rysstad |
| Medlem: | Anne Elisabeth Gilbert Axelssen |

# KONTROLLUTVALET SI VERKSEMD M.M.

## Kontrollutvalet sine møter

I løpet av 2015 har det vore 4 møter og handsama 12 saker. I tillegg kjem 11 referatsaker, førespurnader og orienteringar. Ordførar og rådmann har vert spesielt invitert til kontrollutvalsmøter for å orientere om saker som utvalet har hatt ønske om å få ein breiare kunnskap og informasjon om.
Møta vert halden i kommunehuset i Valle. Saksdokumenter og møtebøker vert lagd ut på kommunen si heimeside.

## Kontrollutvalet sine oppgåver

I forskrift om kontrollutval § 4 heiter det:

> *"Kontrollutvalget skal føre det løpende tilsyn med den kommunale eller fylkeskommunale forvaltningen på vegne av kommunestyret eller fylkestinget, herunder påse at kommunen eller fylkeskommunen har en forsvarlig revisjonsordning. Utvalget kan ikke overprøve politiske prioriteringer som er foretatt av kommunens eller fylkeskommunens folkevalgte organer."*

Kontrollutvalet skal sjå etter at:

- kommunens rekneskap vært revidert på ein forsvarleg måte

- det vær gjennomført forvaltningsrevisjon og gitt fullmakt til kommunerevisjonen om å gjennomføre forvaltningsrevisjon innanfor tildelte budsjettrammer
- det blir gjennomført selskapskontroll
- resultata av sitt arbeid blir rapportert til kommunestyret
- administrasjonens oppfølging av revisjonsmerknader blir rapportert til kommunestyret

Kontrollutvalet kan hjå kommunen, utan hinder av teieplikt, krevje ein kvar opplysning, utgreiing eller eitkvart dokument og gjera dei undersøkingar som det finn naudsynt for å gjennomføre oppgåvene.

## Kontrollutvalet sine oppgåver ved rekneskapsrevisjon

Kommunerekneskapen for 2014 vart handsama i kontrollutvalet 19. mai 2015. Revisjonen ga si revisjonsmelding 12. mai 2015.

Revisor hadde gjort fylgjande presisering i si melding:
«*Vi gjør oppmerksom på at kommunen er inne i en voldgiftsprosess og viser i denne sammenheng til regnskapets note 19.*
*Vi gjør oppmerksom på at kommunen ikke har dekt inn underskuddet på selvkostområdet slam fra 2008 og 2009 med kr 219 563,06. Dette er ikke i henhold til retningslinjer for beregning av selvkost for kommunale betalingstjenester, jf. Forurensingslovens § 34. Samlet udekt underskudd på selkostområdet pr. 31.12.2014 utgjør kr 264 234,54.*

*Vi gjør oppmerksom på følgende budsjettoverskridelser:*

*Rammeområde 20 Rådmannen har en budsjettoverskridelse på 8,14%, dvs. kr 197 002,91.*

*Rammeområde 31 Diverse, personal, reiseliv bibliotek har en budsjettoverskridelse på 6,88%, dvs. kr 222 831,65.*

*Rammeområde 33 Økonomiavdelinga og tilskot kyrkja har en budsjettoverskridelse på 5,9%, dvs. kr 416 669,55.*

*Rammeområde 56 Pleie og omsorg har en budsjettoverskridelse på 5,08%, dvs. kr 1 973 980,85.*

*Rammeområde 57 Teknisk har en budsjettoverskridelse på 8,34%, dvs. kr 2 003 233,08.*

*Presiseringen har ingen betydning for konklusjonen til regnskapet.*»

På bakgrunn av dette gav kontrollutvalet sin uttale til kommuneregnskapet for 2014 i medhald av kontrollutvalsforskrifta §7. Kontrollutvalet gjorde merksam på presiseringa som kom fram i revisor si melding.

Kontrollutvalet fann det også naudsynt å peike på at rekneskapen, årsmeldinga og revisjonsmeldinga også i 2015 vart lagt fram mykje seinare enn dei fristane som gjeld. Dette

minskar utvalet sitt høve til å gjere sine pliktige oppgåver på ein fullgod måte. Ein forventa at gjeldande fristar vert haldne i framtida.

I same møte skulle ein handsama rekneskapen for Øyne Industribygg Valle KF. Dette vart utsett då rekneskap og revisjonsmelding ikkje låg føre til møtet. Den 4. august 2015 vart desse motteke, og i samsvar med vedtak i utvalet vart desse sendt til medlemmene som melde attende til sekretær at dei var einig i framlegg til vedtak.
Vedtaket vart stadfesta i møte 13. oktober 2015.

## Kontrollutvalet sine oppgåver ved forvaltningsrevisjon

Det er kontrollutvalet som etter kommunelovas reglar har ansvaret for at det vert gjennomført forvaltningsrevisjon i kommunen. Dette går fram av §77, nr. 4 som har følgjande ordlyd:

> *"Kontrollutvalget skal påse at kommunens eller fylkeskommunens regnskaper blir revidert på en betryggende måte. Kontrollutvalget skal videre påse at det føres kontroll med at den økonomiske forvaltning foregår i samsvar med gjeldende bestemmelser og vedtak, og at det blir gjennomført systematiske vurderinger av økonomi, produktivitet, måloppnåelse og virkninger ut fra kommunestyrets eller fylkestingets vedtak og forutsetninger (forvaltningsrevisjon.)"*

Kapittel 5 i forskrift om kontrollutval inneheld utfyllande reglar om kontrollutvalet sine oppgåver ved forvaltningsrevisjon. Ifølge forskrifta § 10 skal kontrollutvalet minst ein gong i valperioden utarbeide ein plan for gjennomføring av forvaltningsrevisjon. Resultatet av gjennomført forvaltningsrevisjon skal rapporterast til kommunestyret (jf. forskriftas § 12).

Kommunestyret vedtok i møte 27.02.2013 Plan for forvaltningsrevisjon for Valle kommune.

I denne planen er følgjande område/prosjekt for forvaltningsrevisjon prioritert:

- Gjere ei grundig gjennomgang av eksisterande rutinar og å gjere kontroll av om større anskaffingar er i samsvar med rutinar og Lov om offentlege anskaffingar

- Gjere ei gjennomgang av om kommunen har eit tilfredsstillande system for å planlegge og gjennomføre vedlikehaldet av bygningsmassen

- Gjere ei oppfylging av forvaltningsrevisjonsrapporten om korleis kvaliteten er på samshandsaming i enkeltsaker innafor heimehjelp, heimesjukepleie, korttids- og langtidsopphald.

I vedtaket frå kommunestyret går det fram at kommunestyret gjev kontrollutvalet fullmakt til å foreta eventuelle endringar i prioriteringa av aktuelle prosjekt, og til å setje i verk andre prosjekt dersom utvalet ser trong for det.

Kontrollutvalet har tinga ein ny overordna analyse av kommunen si verksemd, som skal gje grunnlag for framlegg til Plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2016-2019.

## Gjennomføring av forvaltningsrevisjon

Det er heller ikkje i 2015 gjennomført forvaltningsrevisjonsprosjekt.

Kontrollutvalet vil igjen seie seg lei for at det ikkje er gjennomført forvaltningsrevisjon i denne valperioden, noko som ikkje er i samsvar med kommunelovas § 77 og § 9 i Forskrift om kontrollutval. I forskrifta går det fram at « *Kontrollutvalget skal påse at kommunens virksomhet årlig blir gjenstand for forvaltningsrevisjon i samsvar med bestemmelsene i dette kapittel».*

## Kontrollutvalet sine oppgåver ved selskapskontroll

Etter endringar i kommuneloven og tilhøyrande forskrifter med verknad frå 1.7.2004, er kontroll og tilsyn med kommunalt eigde selskap ein prioritert oppgåve, og det er tatt inn eigne reglar om selskapskontroll, jf. kommunelovens §77, nr. 5 og § 80. Selskapskontrollen består av ein obligatorisk del som går ut på å føra tilsyn med forvaltninga av eigarinteressa i selskapet (eigarskapskontroll) og ein frivillig del, som medfører at det også kan gjennomførast forvaltningsrevisjon når kontrollutvalet eller kommunestyret finn det naudsynt eller ønskeleg. Selskapskontroll skal gjennomførast på bakgrunn av Plan for selskapskontroll, som kommunestyret skal vedta.
Kommunestyret vedtok i møte 27. februar 2013 Plan for selskapskontroll 2012-2015 for Valle kommune. Framlegg til plan vart handsama i kontrollutvalet i møte 12. februar 2013.

Kontrollutvalet har tinga framlegg til Plan for selskapskontroll for perioden 2016-2019.

## Gjennomføring av selskapskontroll

Det er ikkje gjennomført selskapskontroll i 2015.

## Andre saker

Etter kontrollutvalet si forskrift § 18 skal kontrollutvalet leggje fram framlegg til budsjett for kontroll- og tilsynsarbeidet i kommunen. Kontrollutvalet handsama framlegg til budsjett for Kontroll og Tilsyn for 2016 i sitt møte den 13. oktober 2015, og sende det til kommunen i medhald av forskrifta, som seier at forslaget skal følgje med formannskapet sitt framlegg til kommunen sitt budsjett ved kommunestyrehandsaminga.

Kontrollutvalet har handsama spørsmål omkring Valle kommune sine lån til Brokke Eigedom AS og Kvisle Eigedom AS.
Setesdal Revisjonsdistrikt IKS gjorde ei utgreiing kring dei innkomne spørsmåla, og tok utgreiinga til etterretning. Utvalet fann ikkje at det var gjort noko som var i strid med gjeldande lov og reglar vedkomande Valle kommune sine lån til dei to selskapa.

Vidare har utvalet gjeve ein positiv uttale til at Setesdal Revisjonsdistrikt IKS vert innlemma i Agder Kommunerevisjon IKS.

## Kontrollutvalet sitt sekretariat

Kontrollutvala i Audnedal, Bygland, Bykle, Evje og Hornnes, Farsund, Flekkefjord, Hægebostad, Iveland, Kvinesdal, Lindesnes, Lyngdal, Mandal, Marnardal, Sirdal, Valle og Åseral har felles sekretariat gjennom Agder Sekretariat, som er eit selskap skipa etter § 27 i kommunelova.
Selskapet har 2 tilsette og har kontorstad i Kvinesdal kommune.
Sekretariatet sine oppgåver er fastsett i Forskrift for kontrollutval og i selskapet sine vedtekter. Det skal mellom anna sjå etter at dei sakene som vert handsama i kontrollutvalet er forsvarleg utgreia, og at utvalet sine vedtak vert sett i verk.

**Agder Sekretariat**

**Kontrollutvalet i Valle kommune** **Sak 02/16**
**Møtedato: 26.01.2016**
**Sakshandsamar: kih**

**SAK 02/16 UTBETALINGAR I STRID MED KOMMUNALT REGELVERK**

**Vedlegg:**
- Brev m/ vedlegg frå Bjørgulv N. Berg, datert 11.10.2015
- Brev frå Bjørgulv N. Berg, datert 14.10.2015
- Utgreiing frå rådmannen, datert 13.11.2015

**Saksopplysningar:**
Kontrollutvalet har motteke to brev frå kommunestyrerepresentant Bjørgulv N. Berg, kor han peiker på fleire tilhøve kor han meiner at det har vore brot på kommunale regleverk.

Kontrollutvalet gjorde i møte 13.10.2015 vedtak om å be rådmannen gjere ei skriftleg utgreiing av dei tilhøva som kjem fram i brev frå Bjørgulv N. Berg.

Ein har motteke svar frå rådmannen, datert. 13.11.2015, kor han gjer greie dei tilhøva som kjem fram i breva frå Berg.

**Vurdering:**
Det syner seg at det kan vere fleire svakheter i dei reglane som gjeld tilskot og handsaminga av tilskot til ymse tiltak i kommunen.

Det er ynskjeleg at det vert gjort ein gjennomgang av dei reglane som er vedteke, og av handsaminga av desse, slik at ein for framtida kan vere trygg på at dei tilskota som vert gjeven er kvalitetssikra og vert gjort på ein slik måte at kommunen kan kome attende til mottakar dersom krava til tilskotet ikkje vert følgd.

**Framlegg til vedtak:**
Kontrollutvalet ber Agder Kommunerevisjon IKS om å gjennomføre eit forvaltningsrevisjonsprosjekt « Vurdering av kommunale reglar for tilskot i landbruket og tilskot til bustadbygging».
Kontrollutvalet ynskjer å få ein prosjektplan til vurdering som grunnlag for ei drøfting av formål, problemstilling, gjennomføring, tidsplan og ressursbruk før prosjektet vert starta.

Til Kontrollutvalet i Valle
v/ leiar Åse Ingebjørg Flateland
Valle kommune
4747 Valle

## Utbetalingar i strid med kommunalt regelverk

Gjennom mitt arbeid med å be om lovligheitskontroll av formannskapssak 79/15 om konsesjon på grnr 50 bnr. 6 i Valle, har eg etter mi vurdering, kome over fleire brot på kommunalt regelverk.

Eg finn desse er så alvorleg,- at eg varslar kontrollutvalet.

Det er gjeve kr 40.000, i tilskot til reiskapshus på gnr. 50 bnr. 6 utan at det ligg føre søknad om tilskot eller rekneskap. Sjå vedlegg. Tilskotet er også utbetalt som om det over 1 årsverk i jordbruket på denne garden. Det er reglar om tilbakebetaling av tilskotet etter viss vilkår. Dersom dette ikkje kjem fram i tildelingsbrevet, har kommunen sagt ifrå seg retten til slik tilbakebetaling. Dette tilskotet er vedteke i formannskapet, ja eg vil seie utan saksutgreiing i det heile.

I 2014 er det gjeve tilskot til bygging av ny bustad på same garden. Jfr. delegasjonssak 77/14. I flg. mine opplysningar, vart denne bustaden bygt opp att av forsikringspengar, då huset som brann ned var fullverdiforsikra. Dette er , dersom dette er tilfelle, i strid med regelverket.

Eg ber kontrollutvalet kontrollere mine opplysningar, vidare om det er gjeve feilaktige opplysningar ved behandling av søknadane ,- og gå gjennom kommunens forvaltning av regelverket

Rysstad 11.10.2015

Bjørgulv N. Berg

Bjørgulv N. Berg

Kommunestyrerepresentant

Vedlegg

**Valle kommune**
Teknisk - vedlikehald

Finn Ole Eliassen
Åmli

4747 VALLE

| Vår ref: | Sakshandsamar: | Arkiv: | Dato: |
|---|---|---|---|
| 2013/44-24 | Torleif Homme<br>☎ 37937538<br>torleif.homme@valle.kommune.no | 223 | 12.03.2014 |

Delegasjonssaknr.: 77/14

# VEDTAK

## Tilskot til bustadbygging på gnr. 50, bnr. 6 i Åmli

**Byggjestad:** Gnr. 50, bnr. 6 i Åmli – Valle
**Heimelshavar:** Finn Ole Eliassen, 4747 Valle

Viser til søknad om tilskot til bustadbygging i samband med nytt bustadhus på gnr. 50, bnr. 6 i Åmli, jmfr. tilskotsreglar for bustadbygging, godkjent av kommunestyret 28.03.2013, sak 15/12.

Det er søkt om tilskot for ny bustad, veg, vass- og kloakkanlegg.
Det er bygd ny bustad, vegen er oppgradert og eigedomen er tilkopla kommunalt vass- og kloakkanlegg.
Ferdigattest vart gjeve 28.02.2014, sak 61/14.

I henhold til tilskotsreglementet vert det ikkje gjeve tilskot til bygging av vass- og kloakkanlegg dersom slike anlegg vert tilkopla kommunale anlegg. I dette tilfellet vil ein likevel gje tilskot til bygging av vassanlegg. Det er med bakgrunn i at det er lagt ein 63 mm vassleidning gjennom FV 331. Denne leidninga kan evt. nyttast til framtidige tilkoplinga i «Åmli-grenda». Vilkåret for å gje dette tilskotet er at framtidige abonnentar kan kople seg til denne private stikkleidninga vederlagsfritt.
Når det gjeld tilskot til veg har det vore ei klagesak til formannskapet om tilsvarande veg gjev grunnlag for tilskot og det positive vedtaket i formannskapet har gjeve presedens i slike saker. Dermed vert det i dette tilfellet også gjeve tilskot til vegbygging.

Finn Ole Eliassen får utifrå dette tildelt tilskot på kr. 50.000,- til bygging av nytt våningshus, tilskot til bygging av vassanlegg kr. 15 000,- og tilskot til bygging av ny veg kr.10.000,-.
Totalt vert tilskotet på kr. 75.000,-.

Postadresse:
4747 Valle

**Tlf.:** 37 39 75 00
**Faks:** 37 93 75 15

## *Administrativt vedtak:*

Finn Ole Eliassen får tildelt tilskot på kr. 50.000,- til bygging av nytt våningshus, tilskot til bygging av vassanlegg kr. 15 000,- og tilskot til bygging av ny veg kr.10.000,-.
Totalt vert tilskotet på kr. 75.000,-.
Vilkåret for å gje tilskot til vassanlegget er at evt. framtidige abonnentar kan kople seg til denne private stikkleidninga vederlagsfritt.

*Vedtaket kan klagast over. Klagefristen er 3 veker rekna frå den dagen dette skrivet kjem fram til adressaten. Det er tilstrekkeleg at klagen er postlagt innan fristen.*

*Klaga skal sendast skriftleg til den som har gjort vedtaket. Oppgi vedtaket det blir klaga over, den eller dei endringane ein ønskjer, og dei grunnar du vil påpeike for klaga. Dersom du klagar så seint at det kan vere uklart for oss om du har klaga i rett tid, bør du også oppgi når du mottok denne meldinga.*

Med helsing

Eivind Berg
Rådmann/fung. leiar teknisk avd.

Torleif Homme
rådgjevar

Kopi:
Økonomi, her

***Revidert framlegg til nye tilskotsreglar:***
*Etter vedtaket i formannskapet og etter fleire henvendelsar frå publikum, har administrasjonen sett behovet for ei presisering av reglane i samsvar med intensjonen i vedtaket til formannskapet.*
*Med bakgrunn i dette har administrasjonen utarbeidd eit revidert utkast til reglar som vert lagt fram for kommunestyret til vurdering.*

# TILSKOTSREGLAR FOR BUSTADBYGGING

Føremålet med tilskotsreglane er å stimulere til auka busetting.

1. I samband med bygging av nytt bustadhus eller restaurering av hus i Valle kommune vert det gjeve eit tilskot på kr. 50.000,-
2. Dersom det vert gjeve tilskot etter pkt 1, vert det i dei områda der det ikkje er bygd ut offentlege veg, vass- eller kloakkanlegg, gjeve eit ekstra tilskot på kr. 40.000,-, fordelt på kr. 15.000,- til vassanlegg, kr. 15.000,- til kloakkanlegg og kr. 10.000,- til bygging av ny veg.

Presisering av reglane:
Med nytt bustadhus meiner ein bygging av ei separat bueining – slik som einebustad, to-mannsbustad, bustader i rekkje, bustadbygg m.m. Det vert ikkje gjeve tilskot til bustader/leilegheitar som er bygd i kombinasjon med andre føremål (næringsbygg o.l.)
Det er eit vilkår at bueininga må vere skilt ut med eige matrikkelnummer.
Det vert ikkje gjeve tilskot der bygginga vert finansiert gjennom andre finansieringskjelder, t.d forsikringsoppgjer, erstatningar o.l.

Med restaurering av hus meiner ein å sette i stand ei bygning som ikkje held gjeldande krav til standard i forhold til isolasjon/varme, sanitæranlegg og andre tekniske innstallasjonar.
Generelt vedlikehald/opprusting av bustader som er i dagleg bruk, omfattast i utgangspunktet ikkje av ordninga.
Vil oppussinga/opprustninga av bygningen medføre dokumenterte utgifter på minst kr. 700.000,.- kan det søkjast om tilskot.
Bygging av tilbygg til bustad er ikkje i seg sjølv grunnlag for tilskot.

Ved bygging av ny veg må det vere ei veglengde, min 30 m. Avkøyrsle frå offentleg veg og inn på frådelt tomt gjev ikkje grunnlag for tilskot

Endring av tilskotsordninga i forhold til restaurering av hus skal gjelde for bygg ferdigmeldt etter 01.01.12

Grunnlag for utbetaling av tilskot er ferdigmelding/ferdigattest.

Byggherre/eigar må vere registrert som fastbuande i Valle kommune før tilskotet vert utbetalt.

Godkjent av kommunestyet, ……………, sak……………

Saksmappenr: 2005/260-131
Arkiv: 223
Sakshandsamar: Jon Ødeskaug

# *Saksframlegg*

## *Valle kommune*

| *Saksnummer* | *Utval* | *Møtedato* |
|---|---|---|
| 74/14 | Formannskapet | 11.06.2014 |

# Kommunale tilskot til jordbruket 1. halvår 2014.

**Rådmannen tilrår:**

I denne omgang vil ein prioritere anlegg som er ferdigstilt eller som er komet godt i gang. Ein vil foreslå fylgjande fordeling:

| **Namn** | **Føremål** | **Tilskott** |
|---|---|---|
| Olav K. Nomeland | Fulldyrking | 0 |
| Olav Jan Tveiten | Foranlegg/Tilbygg | 0 |
| Knut H. Nomeland | Driftsbygning | 0 |
| Bjørgulv N. Berg | Fulldyrking | 2 300 |
| Rune Ingebretsen | Fulldyrking | 0 |
| Egil Åmlid | Fulldyrking | 0 |
| Rune Ingebretsen | Jordbruksveg | 3 300 |
| Ingmar Aasen | Tilleggsnæring | 6 900 |
| Brokke Naturkjøt AS | Driftsbygning/forplass | 4 600 |
| Margit Dale | Tilleggsnæring | 20 000 |
| Bjørgulv N. Berg m/fl | Tilleggsnæring | 2 800 |
| Rolf Rike | Driftsbygning | 3 000 |
| Jostein Rysstad | Driftsbygning | 4 300 |
| Trygve O. Brokke | Driftsbygning | 45 000 |
| Olav Jan Tveiten | Fulldyrking | 2 800 |
| Monica Kelly Sundt | Tilleggsnæring | 14 000 |
| Finn Ole Eliassen | Driftsbygning/Reidskapshus | 7 700 |
| | **Sum** | 116 700 |

Dekning 14706 – 5736- 329.

## *Saksutgreiing:*

### 1. Bakgrunn for saka

Til løyving 1. halvår 2014 er 30% av kr. 389 000 som utgjer kr. 116.700.
Fylgjande saker står att etter 2. halvår i 2013:

| Namn | Tiltak | Kostnad | Tilskott/Resttilskott |
|---|---|---|---|
| Olav K. Nomeland | Fulldyrking | 120 000 | 10 000 |
| Olav Jan Tveiten | Foranlegg/Tilbygg | 170 000 | 13 000 |
| Knut H. Nomeland | Driftsbygning | 490 000 | 20 000 |
| Bjørgulv N. Berg | Fulldyrking | 99 600 | 11 600 |
| Rune Ingebretsen | Fulldyrking | 132 000 | 10 000 |
| Egil Åmlid | Fulldyrking | 145 000 | 36 000 |
| Rune Ingebretsen | Jordbruksveg | 2 000 000 | 16 700 |
| Ingmar Aasen | Tilleggsnæring | 1 410 809 | 34 500 |
| Brokke Naturkjøt AS | Driftsbygning/forplass | 483 500 | 23 000 |
| Margit Dale | Tilleggsnæring | 1 766 500 | 117 200 |
| Bjørgulv N. Berg m/fl | Tilleggsnæring | 215 000 | 14 000 |
| Rolf Rike | Driftsbygning | 157 753 | 15 000 |
| Jostein Rysstad | Driftsbygning | 210 000 | 21 800 |
| Trygve O. Brokke | Driftsbygning | 1 108 400 | 236 000 |
| Olav Jan Tveiten | Fulldyrking | 73 800 | 14 200 |
| Monica Kelly Sundt | Tilleggsnæring | 624 065 | 76 037 |
| **Nye søknader 1. halvår** | **2014** | | |
| Finn Ole Eliassen | Driftsbygning/Reidskapshus | 915 607 | 40 000 |

## 2. Kva for verknader har denne saka for utviklinga av Valle kommune?

Føremålet med kommunale jordbrukstilskot er å sikre eksisterande arbeidsplassar i jordbruket og å byggje ut nye. I tillegg vil eit aktivt jordbruk gjev ringverknadar for andre næringar som til dømes reiselivet. Det er svært positivt at det ser ut til å komme 2-4 nye bygningar/ombygningar/tilbygg til sau den næraste tida.

## 3. Tilhøvet til gjeldande planar og lovverk

Reglar for stønad til landbruket

## 4. Vurderingar

Ein vil i denne utbetalingsrunden tilrå at anlegg som er ferdigmeldt, eller kor arbeidet er komet godt i gong vert prioritera.

Valle, den 27.05.2014

Eivind Berg
rådmann

Saksmappenr: 2005/260-146
Arkiv: 223
Sakshandsamar: Jon Ødeskaug

# *Saksframlegg*

# *Valle kommune*

| *Saksnummer* | *Utval* | *Møtedato* |
|---|---|---|
| 125/14 | Formannskapet | 03.12.2014 |

## Kommunale tilskot til jordbruket 2. halvår 2014

**Rådmannen tilrår:**

Ein vil i denne utbetalingsrunden tilrå at anlegg som er ferdigmeldt, eller kor arbeidet er komet godt i gong vert prioritera, og at ein sluttutbetaler «gamle» saker.

| Namn | Føremål | Tilskott |
|---|---|---|
| Olav K. Nomeland | Fulldyrking | 0 |
| Olav Jan Tveiten | Foranlegg/Tilbygg | 0 |
| Bjørgulv N. Berg | Fulldyrking | 9 300 |
| Rune Ingebretsen | Fulldyrking | 0 |
| Egil Åmlid | Fulldyrking | 0 |
| Rune Ingebretsen | Jordbruksveg | 13 400 |
| Ingmar Aasen | Tilleggsnæring | 27 600 |
| Brokke Naturkjøt AS | Driftsbygning/forplass | 18 400 |
| Margit Dale | Tilleggsnæring | 97 200 |
| Bjørgulv N. Berg m/fl | Tilleggsnæring | 11 200 |
| Rolf Rike | Driftsbygning | 12 000 |
| Jostein Rysstad | Driftsbygning | 17 500 |
| Trygve O. Brokke | Driftsbygning | 191 000 |
| Olav Jan Tveiten | Fulldyrking | 11 400 |
| Monica Kelly Sundt | Tilleggsnæring | 62 037 |
| Finn Ole Eliassen | Driftsbygning/Reidskapshus | 32 300 |
| Knut H. Nomeland | Driftsbygning | 100 000 |
| Stein Føreland Straume | Driftsbygning | 526 264 |
| | Sum | 1 112 101 |
| | | |

NB

Dekning 14706 – 5736- 329.

Om det skulle vere ledige midlar igjen ved årets slutt på aktuelle budsjettkapittel, får administrasjonen fullmakt til å omdisponere og nytte desse midla i tråd med regelverket.

## *Saksutgreiing:*

### 1. Bakgrunn for saka

Til løyving 2. halvår 2014 er 70% av kr. 389 000 som utgjer kr. 272.300. Pga av etterslep og fleire komande investeringar i jordbruket vedtok kommunestyret i sak 65/14 å omdisponere kr. 839.801 kroner. Totalt til fordeling no vert kr. 1.112.101.

Fylgjande saker står att etter 1. halvår i 2014:

| Namn | Tiltak | Kostnad | Tilskott/Rest tilskott |
|---|---|---|---|
| Olav K. Nomeland | Fulldyrking | 120 000 | 10 000 |
| Olav Jan Tveiten | Foranlegg/Tilbygg | 170 000 | 13 000 |
| Knut H. Nomeland * | Driftsbygning * | 490 000 | 20 000 |
| Bjørgulv N. Berg | Fulldyrking | 99 600 | 9 300 |
| Rune Ingebretsen | Fulldyrking | 132 000 | 10 000 |
| Egil Åmlid | Fulldyrking | 145 000 | 36 000 |
| Rune Ingebretsen | Jordbruksveg | 2 000 000 | 13 400 |
| Ingmar Aasen | Tilleggsnæring | 1 410 809 | 27 600 |
| Brokke Naturkjøt AS | Driftsbygning/forplass | 483 500 | 18 400 |
| Margit Dale | Tilleggsnæring | 1 766 500 | 97 200 |
| Bjørgulv N. Berg m/fl | Tilleggsnæring | 215 000 | 11 200 |
| Rolf Rike | Driftsbygning | 157 753 | 12 000 |
| Jostein Rysstad | Driftsbygning | 210 000 | 17 500 |
| Trygve O. Brokke | Driftsbygning | 1 108 400 | 191 000 |
| Olav Jan Tveiten | Fulldyrking | 73 800 | 11 400 |
| Monica Kelly Sundt | Tilleggsnæring | 624 065 | 62 037 |
| Finn Ole Eliassen | Driftsbygning/Reidskapshus | 915 607 | 32 300 |
| **Nye søknader 2. halvår** | **2014** | | |
| Knut H. Nomeland | Driftsbygning | 1 020 000 | 196 000 |
| Stein Føreland Straume | Driftsbygning | 5 550 000 | 1 102 000 |

*Denne søknaden går inn i den nye

### 2. Kva for verknader har denne saka for utviklinga av Valle kommune?

Føremålet med kommunale jordbrukstilskot er å sikre eksisterande arbeidsplassar i jordbruket og å byggje ut nye. I tillegg vil eit aktivt jordbruk gjev ringverknadar for andre næringar som til dømes reiselivet. Det er svært positivt at 2 driftsbygningar er igongsett og det det ser ut til å komme 2-4 nye den næraste tida.

### 3. Tilhøvet til gjeldande planar og lovverk

Reglar for stønad til landbruket

### 4. Vurderingar

I denne omgang vil ein prioritere anlegg som er ferdigstilt eller som er komet godt i gang.

Om det skulle vere ledige midlar igjen ved årets slutt på aktuelle budsjettkapittel, får administrasjonen fullmakt til å omdisponere og nytte desse midla i tråd med regelverket.

# REGLAR FOR STØNAD TIL LANDBRUKET

Etter vedtak av kommunestyret...........2013

## I. FØREMÅL

Føremålet med stønadsordningane er å sikre eksisterande arbeidsplassar i jordbruket og å byggje ut nye. I tillegg vil eit aktivt landbruk vere til fordel for annan næring t.d. reiseliv, jfr. Landbruksplanen.

## II. KRAV TIL BRUKA, EIGAREN M.M.

Landbruksdepartementet sine generelle reglar gjeld så langt det finns aktuelle reglar.

For enkelttiltak er det eit vilkår at brukar/eigar er busett i og skattepliktig til Valle kommune. Når det gjeld fellestiltaka kan det godtakast at enkelte av brukarane/eigarane er busette utanfor kommunen.

## III. STØNADSFORMER

### A. Stønad til driftsbygningar

1. Stønadsordninga gjeld fylgjande driftsbygningar:

a) Husdyrrom
b) Lagerrom for avling og reiskap
c) Veksthus
d) Andre næringsbygg i landbruket som vert finansiera av Innovasjon Norge og som ikkje er så store at dei vert finansiera over næringsbudsjettet.

2. Planlegging

Det skal utarbeidast fullstendige byggjeteikningar med kostnadsoverslag av Norsk Landbruksrådgjeving (tidl. Forsøksringen) eller nokon med tilsvarande kompetanse, ev ein bygningskyndig. For større byggjearbeid skal det også utarbeidast driftsplan.

3. Stønad

Stønaden kjem i tillegg til eventuelle tilskot frå Innovasjon Norge.

Det skal gjevast stønad med inntil 20% av kostnaden avgrensa til kr. 100.000,- pr. bruk. For bygging av driftsbygning med driftsplan vert det ikkje sett noko tak. Det vert ikkje gjeve tilskot til dei første kr. 40.000,- av kostnaden.

For reiskapshus/gardsverkstad kan det gjevast tilskot med inntil 10% av kostnaden. Maksimalt kr. 40.000,- i tilskot. Fast kvadratmeter pris kr. 1.500,- i kostnadsoverslag eller etter regnskap dersom kostnaden vert høgare.

For reiskapshus gjeld fylgjande årsverkavgrensing:

| | |
|---|---|
| - under 0,5 årsverk | 0% i tilskot |
| - mellom 0,5 og 1,0 | 50% av utrekna tilskot |
| - over 1,0 årsverk | 100% av utrekna tilskot |

Stønaden er ikkje behovsprøvd.

4. Søknad, sakshandsaming:

Søknaden saman med byggjeteikning og evt. kostnadsoverslag lyt sendast til: Valle kommune, jordbruksrådgjevar, 4747 Valle.

Formannskapet avgjer om søknaden kjem inn under ordninga og tilrår stønadssummen innanfor den budsjettramma som føreligg.

5. Tilsyn og kontroll:

Tilsyn og kontroll vert utført av jordbruksrådgjevar.

6. Arbeidsfrist:

Arbeidsfristen bør i regelen vere 3 år, frå dato for tilsegn om stønad.

7. Utbetaling

Formannskapet tek avgjerd om utbetaling av stønaden etter tilråding av jordbruksrådgjavar, innanfor budsjettramma. 30% av ramma vert å utbetale pr. 30.6. og 70% pr. 15.11. i budsjettåret. Etter søknad kan utbetalinga av tilskotet skje etter behovsprøving. Stønaden kan utbetalast over fleire budsjettår. Stønaden kan utbetalast når arbeidet er ½ ferdig, ¾ ferdig og 1/1 ferdig.

Stønaden vert utbetalt etter at jordbruksrådgjevar har godkjent anlegget.

8. Tilbakebetaling:

Stønaden kan tilbakekrevjast heilt eller delvis dersom det seinare kjem fram tilhøve som står i strid med føremålet.

9. Minstebeløp:

Stønad under kr. 4.000,- i tilskot vert ikkje å utbetale.

**B. Tilskot til silo, høyturke og lagerplass for rundballar**

Landbruksdepartementet sine reglar gjeld.

1. Silo:

